








Friluftskart for Aukra kommune

KOMMUNIKASJONAR , GRENSE

-  Ferjestrekning
-  Fylkesveg
-  Kommunal veg
-  Privat veg
-  Traktorveg
-  Turstiar
-  Kommunegrense
-  Naturresevat

SYMBOL


-  Badeplass
-  Motorsport
-  Leikeplass
-  Gapahuk
-  Toalett
-  Ballbinge
-  Fiskeplass
-  Klatring
-  Hytteutleige
-  Idrettsbane
-  Idrettshall
-  Rasteplass
-  Skytebane
-  Utsiktspunkt
-  Ferje
-  Småflyplass
-  Bensinstasjon
-  Daglegvarehandel
-  Informasjon
-  Kiosk
-  Overnatting
-  Skule
-  Småbåthamn
-  Spisestad
-  Kyrkje
-  Turistattraksjon
-  Fottur - morortur.no
-  Fottur - morortur.no



0 500 1 000 2 000 meter

Målestokk 1:50000

Utgivar Aukra kommune 2021. Produksjon Grafia Reklamebyrå. Kartgrunnlag Statens Kartverk 609008-2011005



Aukra kommune ligg på Romsdalskysten, og er nabo kommunane Hustadvika og Molde. Kommunen er omgitt av fleire hundre holmar og skjer. Kommunen er ilandføringsstad for gass frå Ormen Lange-feltet.

Med eit areal på 60,64 km² og eit folketal på vel 3 500 personar, er Aukra kommune liten i utstrekning og folkemengde, men det tar vi igjen på trivsel og tryggleik. Kommunen kan tilby gode kommunale tenester, trygge oppvekstvilkår, eit rikt kulturliv og mange høve til allsidige friluftaktivitetar.

Attraksjonar

Aukra kyststi

Ein flott og kort tur som startar i Årgårdsvika på veg mot Rindarøya. Stien snor seg gjennom kystlynghei og etter ei lita stund kjem ein til sandstranda Sandvika. Frå stien får ein utsikt mot Bjørnsund og Bud.

Påskeliljemarka/Aukra kyrkje

Aukra kyrkje er frå 1835. Ved kyrkja står det kvar vår tusenvis av påskeliljer i blomstring.

Roktamonumentet

Monument på Rindarøya, til minne om frakteskuta "Rokta" som forliste i 1938. Redningsaksjonen vart kringkasta over radio. Rasteplass og flott havutsikt.

Løvikremma gardsmuseum

Eit levande gardsmuseum, som kvar sommar har aktivitetar knytt til gardsdrift frå eldre tider og stell av husdyr. Servering av norsk tradisjonskost. Gardsmuseet er ein del av Romsdalsmuseet.

Orta

Orta er ei lita øy med rundt 13 fastbuande. Flott tur både på ein regnversdag og i finevær. Ferje til Orta frå Småge. Rambjøra er høgste punkt med sine 28 moh.

Fangholsetra

Seterbua vart bygd i 1942. I 1959 vart seterdrifta avslutta. Seterbua står enno, fjøsa er borte og berre steinmuren står att.

Gammelsetra

Flott utsikt over Julsundet, Gossa, Orta, Otrøya, Bjørnsund og Bud. Solnedgangen er flott.

Eidskremsetra

Setra tilhørde tre gardar på Eidskrem. I dag kan ein sjå rester av murane til seterhusa og steingarden rundt setervollen.

Sjå alle turstiane på morotur.no

Aukra kommune

6480 Aukra
Tlf.: 71 17 15 00
aukra.kommune.no

Foto:
Kari J. Todal, Daniel Krokå,
Aukra kommune, Shell,
Einar Engdal, grafia.no

Fotturar

Dei mange turstiane på Gossa tek deg på kryss og tvers gjennom forskjellig terreng, men dei er alle lette å gå. På Orta er det tursti til Rambjøra med utsikt mot øyane Gossa, Sandøya, Ona, Harøya og Otrøya.

Langs turstiane på Nyhamna er det godt utval av informasjonsskilt som fortel om arkeologiske funn og steinalderboplassar, kvalindustrien og industrieventyret Ormen Lange.

Turstiane i Julsundet tek deg opp til utsiktspunkt med flott utsyn over havområdet.



Ormen Lange, Nyhamna, Aukra

Sykkelturar

Gossa er med sitt lette og barnevennlige terreng særleg godt egna for sykkelturar. Øya er småkupert med eit omfattande vegnett, det meste med asfaltdekke. Fleire av turstiane er farbare med terrengsykkel. Gratis utlån av sykklar. Ta kontakt med Aukra kommune.

Kulturminne og andre attraksjonar er spredt over heile kommunen. Så ta mange kvilepauser, og sørg for å få med deg påfyll av lokal historie med spennvidde frå vikingtida og fram til det moderne industrisamfunnet.



Sykkeltur til Horremleira

Aukra – full av energi

Øyane Gossa og Orta har fleire turstiar som er trillevennlige. Vegane rundt sjøkanten gir dei flottaste naturopplevingane. Gossa er ein del av sykkelturen «Øyhopping på sykkel på kysten av Romsdal og Nordmøre». Om du reiser med ferga frå Hollingen, kan du sykle om Tangen og ta ferga frå Småge til øyane Orta, Sandøya, Ona og Finnøya.

Motorsport

Område ved flyplassen er godt tilrettelagt for motorfly og modellfly. På andre sida av vegen ligg ein av regionens best opparbeide crossbanar.

Padling

Med godt tilrettelagte småbåthamner er dei flotte utgangspunkt for ein padletur i skjergarden. Ved Smågevatnet ligg kanoar til utlån.

Klatring

Ramfloget i Julsundet er ein populær stad for fjellklatring, og her er det stor aktivitet heile sommaren.

Dykking

I skjergarden er det fine forhold for dykking.



Motocrossbane for både profesjonelle og amatørar



Kajakkpadling er utfordrande, spanande og alltid fulle av opplevingar



Påskeliljemarka / Aukra kyrkje



Julaksla er ein tur som fører deg opp til ein fantastisk utsikt



Ta med familien til Løvikremma gardsmuseum

Fiske og båtliv

Langs sjøkanten finst det fine berg og strender å fiske frå, og fisk er det mykje av. Kjem du med båt er det tusenvis av gode fiskeplassar å velje mellom. På grunnane i Julsundet med djupner på 100 - 150 meter får du helst storsei, stortorsk, brosme, lange og kveite. Frå midten av juli fyller stimar med makrell og sild fjordane. I kommunen er det åtte småbåthamner med gjestebrygger for sjøfarande.



Prøv fiskelykka



Nyt solnedgangen ute ved storhavet



Kos deg ein fineværsdag på ei av strendene



Roktamonumentet

Strender

Det finnes fine badeplassar rundt om i heile kommunen, slik som Eidskrem, Hjertvika, Horrem, Rød og Eikrem.

Mange av strendene er langgrunne og barnevennlige. Fleire av strendene har også fine rasteplassar, gapahuk og toalettanlegg.

Ein fottur langs ei av dei mange strendene kan gje ei rik naturoppleving.